



Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim
Radøy

Stracon AS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2817 - 19/1607

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
29.01.2019

Løyve til omdisponering av 165 m² dyrka jord til parkeringsplass på gbnr 66/1 Brattetaule

Delegasjonssak nr.: 031/2019

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke

Mynde : Saka vert handsama administrativt av Landbrukssjefen etter delgert mynde frå Rådmannen.

Saka gjeld :

Det vert søkt om omdisponering av 165 m² fulldyrka jord til parkeringsareal/tun utanfor driftsbygningen på landbrukseigedomen gbnr 66/1 Brattetaule. Det vert opplyst at arealet ikkje har vore nytta til landbruksdrift på over 50 år.

Driftsbygningen på garden har i ein periode vore nytta til selskapslokale. Det i den samanheng at det omsøkte areal har vorte steinsett og nytta til snuplass/parkeringsplass.


Lovverk : Saka skal handsamast etter § 9 i jordlova som omhandlar omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

Landbrukseigedomen gbnr 66/1:

Eigedomen har eit totalareal på 7 dekar fulldyrka- og/eller overflatedyrka jord, 22,2 dekar innmarksbeite, 33,6 dekar produktiv skog, 10,3 dekar anna utmark og 2,8 dekar tun/bygg/veg. Det er bustadhus på eigedomen og ein driftsbygning og og mindre uthus.

Drifta på eigedomen er juletreproduksjon. Innmarka vert truleg ikkje nytta til beite / fôrproduksjon.

Oversiktskart gbnr 66/1 Brattetaule :



Situasjonskart :



Vurdering :

Det vert synt til § 9 i jordlova.

Det er føremålstenleg med snuplass for større køyretøy i tunet på ein landbrukeigedom. Ikkje minst knytta til situasjonar ved levering av dyr/varer eller varemottak. Rundkøyring på ein gard er ein trafikkisikring i tunet. Dessverre skjer det mange ulykker ved rygging på gardstun.

På bakgrunn av dette vert det gjeve løyve til omdisponering av 165 m² fulldyrka jord til snuplass / parkeringsareal på gbnr 66/1 Brattetaule.

Vedtaket:

Radøy kommune gjev løyve til omsøkt omdisponering av 165 m2 fulldyrka jord til snuplass/parkering på gbnr 66/1 Brattetaule. Vedtaket har heimel i § 9 i jordlova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk forvaltning

Mottakere:

Stracon AS